



HØYANGER KOMMUNE
Postboks 159
6991 HØYANGER

Saksbehandlar, innvalstelefon
Kåre Træen, 5764 3004

Høyanger kommune – godkjenning av budsjett 2024 og økonomiplan 2024 – 2027

Høyanger kommunestyre har i møtet 14.12.2023, sak 126/23, handsama og vedteke budsjett 2024 og økonomiplan 2024 – 2027.

Kommunen er innmeldt i Robek (register for kommunar som er underlagt statleg betinga kontroll og godkjenning). Statsforvaltaren skal derfor føre kontroll og godkjenne budsjett og låneopptak.

- **Budsjett for 2024 og økonomiplan for 2024 – 2027 er godkjent.**
- **Låneramme på 30,6 mill. kroner er godkjent.**
- **Lån frå Husbanken til vidare utlån er godkjent med 10 mill. kroner.**

Oppsummering

Målt og vurdert ut frå resultat på sentrale økonomiske indikatorar og vedtekte plandokument med tiltak og handlingsreglar for styrking av økonomien, og etter ei gradering på god, middels eller svak, er den økonomiske handleevna til Høyanger kommune vurdert som svak.

Driftsnivået for tenestene har over tid vore for høgt ut frå inntektene. Dette har, samanlikna med budsjett, ført til vesentlege høgare forbruk samla sett for tenesteområda både i 2022 og 2023. Frå 2025 er det i økonomiplanen budsjettert med 25 mill. kroner i årlege innsparingstiltak. Innsparingane er fordelte, men er ikkje nærmare spesifiserte innan den enkelte eining. Kommunestyret vedtok òg budsjetterte innsparingar i førre økonomiplan, gjeldande frå 2024. Men tiltaka er ikkje vidareførte i budsjettet for 2024. Ei slik økonomiplanlegging over tid, der budsjetterte innsparingar ikkje blir gjennomførte på einingane og at det fører til vesentleg meirforbruk, må Statsforvaltaren vurdere opp mot balansekravet i Robek-reglane.

Statsforvaltaren meiner at kommunen må konkretisere og gjennomføre tiltak for å redusere driftsnivået, slik som kommunedirektøren omtalar i budsjettdokumenta. Dette vil òg bidra til å byggje opp frie driftsfond, som ein bufferkapital for å handtere mellombelse svingingar i økonomien.



Budsjettet 2024

I førebels rekneskap for 2023 er det eit netto driftsoverskot med 80 mill. kroner. Det utgjir nær 11 prosent av driftsinntektene. Driftsoverskotet blir brukt til å dekkje attståande av akkumulert underskot, overføringar til investeringar og avsetjing til disposisjonsfond.

Det er for 2024 budsjettert med eit netto driftsresultat på kr 982 000, som utgjir 0,2 prosent av driftsinntektene. Netto bruk av bundne fond er budsjettert til 1,2 mill. kroner og overføring til finansiering av eigenkapitalinnskott til KLP er på 1,3 mill. kroner. Etter dette er det avsett kr 891 000 til disposisjonsfond.

Inntekt på skatt og rammetilskot (frie inntekter) er budsjettert med 321,4 mill. kroner, inklusive naturressursskatt på 15,8 mill. kroner. Siste KS-prognosen, som er oppdatert etter budsjettvedtaket til Stortinget og folketalet per 01.01.2024, er på 320,6 mill. kroner.

Høyanger skriv ut eigedomsskatt i heile kommunen, og inntekta er budsjettert med 42,6 mill. kroner, av dette 40 mill. kroner frå kraftselskap og anna næring og 2,6 mill. kroner frå bustad og fritidseigedomar. I sum er dette 3 mill. kroner lågare enn faktisk inntekt i 2023. Gevinstar på sal av konsesjonskraft er budsjettert med 51,8 mill. og heimfallskraft 4,7 mill. kroner. Inntekter frå regulerings- og konsesjonsavgift er budsjettert til 9,7 mill. kroner, som er avsett til næringsfondet. Inntekter frå Havbruksfondet er budsjettert til 16,3 mill. kroner.

Netto finansutgifter er budsjettert med 58,5 mill. kroner, fordelt på renteutgifter 31 mill., avdrag 30 mill., renteinntekter 1,3 mill. og utbytte 1,5 mill. kroner. Faktisk netto utgift i 2023 var 51,3 mill. kroner.

I drifta for 2024 er det budsjettert med samla innsparingstiltak på 8,8 mill. kroner og sum nye tiltak med 25,6 mill. kroner. Auken i nye tiltak er i hovudsak innan helse og omsorg.

Tidlegare års meirforbruk

Akkumulert underskot per 31.12.2022 var 32 mill. kroner. Etter førebels rekneskap for 2023, dekkjer kommunen inn det akkumulerte underskotet.

Investeringar

Kommunen har budsjettert med investeringar i anleggsmiddel på til saman 34,4 mill. kroner og tilskot til investeringar kyrkja kr 875 000. Investeringane og tilskotet er finansierte med 30,6 mill. kroner i nytt låneopptak og momskompensasjon på 4,7 mill. kroner. Av låneopptaket utgjir lån til brukarbetalte VA-anlegg 10 mill. kroner. Største enkeltinvesteringa er ny/ombygging av brannstasjon med 14,3 mill. kroner. Vidare utlån av startlån frå Husbanken (startlån) er budsjettert med 10 mill. kroner.

Ved siste årsskifte hadde kommunen (kommunekassa) ei langsiktig lånegjeld (eks. pensjonsforpliktingar) på 701 mill. kroner¹, som utgjorde 96 prosent av driftsinntektene. I 2022 var landsgjennomsnittet (utan Oslo) 113 prosent. I 2023 måtte kommunen, som følge av svak likviditet, auke kredittramma (driftskreditt) med 40 mill. kroner til å betale løpande utgifter. Høyanger har høg netto renteesponering, som i 2022 var på 99 prosent av totale driftsinntekter, mot landet 48 prosent.²

¹ Kjelde: førebels rekneskap frå kommunen

² For Høyanger betyr det at ein renteauke på ein prosent, isolert sett vil belaste kommuneøkonomien med 1 prosent av driftsinntektene.



Som Robek-kommune etter kommunelova § 28-1 skal departementet etter § 28-3 godkjenne opptak av lån og leige av varige driftsmidlar etter bestemte vilkår. Departementet har delegert dette myndet til Statsforvaltaren.

Økonomiplan 2024 – 2027

Økonomiplanen skal vise korleis langsiktige utfordringar, mål og strategiar i kommunale planar skal følgjast opp. Saman med årsbudsjettet skal han vise kommunestyrets prioriteringar og løyvingar og dei mål og premisser som økonomiplanen og årsbudsjettet byggjer på. Handlingsdelen i kommuneplanen, med same formål, kan inngå i økonomiplanen.

Netto driftsresultat i prosent er i gjennomsnitt for heile økonomiplanperioden 2024 - 2027 budsjettert til 0,8 prosent. Etter overføringar til investeringar til finansiering av KLP eigenkapitalinnskott og ein mindre netto avsetjing til bundne fond, er det til saman i økonomiplanperioden budsjettert med 10,7 mill. kroner i netto avsetjing til disposisjonsfondet. Etter dette utgjer fondet ved utgangen av 2027 knapt fire prosent av budsjetterte driftsinntekter for kommunekassa.

Frå 2025 er det budsjettert med årlege reduksjonar (innsparingstiltak) i drifta med 25 mill. kroner. Innsparingane er fordelt på einingane, men ikkje nærmare spesifiserte gjennom tiltak i den enkelte eining. Oppvekst skal gjennomføre om lag halvparten av innsparingane.

For heile økonomiplanperioden er det planlagt investeringar i varige driftsmiddel med 146 mill. kroner. Dei største investeringane er bustader til menneske med nedsett funksjonsevne, VA-anlegg og ny/ombygging brannstasjon. Investeringane er planlagt finansierte med 114 mill. kroner i nye lån, av dette 38 mill. kroner til VA-investeringar (sjølvkost). Opptak av nye Startlån er kvart år frå 2025 budsjettert med 5 mill. kroner. Langsiktig brutto lånegjeld for kommunekassa er ved utgangen av 2026 berekna til 698 mill. kroner, som er ein reduksjon frå 2023.

Finansielle måltal

Etter kommunelova skal kommunestyret sjølv vedta finansielle måltal med handlingsreglar for utvikling av økonomien til kommunen. Finansielle måltal skal nyttast i planlegging og styring, som grunnlag for å vareta den økonomiske handleevna over tid. Høyanger kommune sine overordna økonomiske styringsmål i arbeidet med årsbudsjett og økonomiplan:

- Budsjett og økonomiplan skal bidra til ei effektiv utnytting av kommunen sine ressursar. Dette gjennom ei løpande vurdering og tilpassing av tenesteproduksjon, sett i samanheng med kommunen sine forventa inntekter.
- Kommunen har som mål å setje av minst 1,75 prosent av driftsinntektene til finansiering av investeringar og oppbygging av disposisjonsfond.
- Den langsiktige gjelda utanom lån til vidare utlån og lån til sjølvkostområdet skal ikkje overstiga 85 prosent av brutto driftsinntekter.

Finansielle måltal etter kommunestyret sitt vedtak for budsjett 2024 og økonomiplan 2025 – 2027:

	mål	2024	2025	2026	2027
Netto driftsresultat i prosent av driftsinntekter	> 1,75 %	0,2 %	0,3 %	2,1 %	0,3 %
Gjeldsgrad	< 85 %	85,3 %	88,2 %	84,9 %	84,5 %



Statsforvaltaren sine vurderingar

Målt og vurdert ut frå resultat på sentrale økonomiske indikatorar og vedtekne plandokument med tiltak og handlingsreglar for styrking av økonomien, og etter ei gradering på god, middels eller svak, er den økonomiske handleevna til Høyanger kommune vurdert som svak.

Driftsnivået for tenestene har over tid vore for høgt ut frå inntektene. Dette har, samanlikna med budsjett, ført til vesentlege høgare forbruk samla sett for tenesteområda både i 2022 og 2023. Frå 2025 er det i økonomiplanen budsjetttert med 25 mill. kroner i årlege innsparingstiltak. Innsparingane er ikkje nærmare spesifiserte innan den enkelte eining. Kommunestyret vedtok òg budsjetterte innsparingar i førre økonomiplan, gjeldande frå 2024. Men tiltaka er ikkje vidareførte i budsjettet for 2024. Ei slik økonomiplanlegging over tid, der budsjetterte innsparingar ikkje blir gjennomførte på einingane og det fører til vesentleg meirforbruk, må Statsforvaltaren vurdere opp mot balansekravet i Robek-reglane.

Høyanger har høg renteeksponering, og renteauken har difor i stor grad belasta drifta.

Statsforvaltaren meiner at kommunen må konkretisere og gjennomføre tiltak for å redusere driftsnivået, slik som kommunedirektøren omtalar i budsjettdokumenta. Dette vil òg bidra til å byggje opp frie driftsfond, som ein bufferkapital for å handtere mellombelse svingingar i økonomien og over tid oppretthalde ei handleevne for å sikre eit stabilt og godt tenestetilbod til innbyggjarane.

Vedtak

Statsforvaltaren skal føre lovlegkontroll av budsjettvedtaket til Høyanger kommune etter kommunelova § 28-3. Vi har føreteke kontrollen, og Høyanger kommune sitt budsjett- og økonomiplanvedtak for 2024 – 2027 er med dette godkjent med følgjande låneopptak i 2024:

- **Investeringar i andre varige driftsmidlar kr 19 644 200.**
- **VA-investeringar kr 10 080 000.**
- **Tilskot til investeringar i kyrkja kr 875 000.**
- **Lån frå Husbanken til vidare utlån kr 10 00 000.**

Med helsing

Liv Signe Navarsete

Nils Erling Yndesdal
kommunaldirektør

Dokumentet er elektronisk godkjent